

Arne Haugland

| | |
|-------------------------|-------------------------------|
| Dato | 20.10.2022 |
| Vår referanse | 2022/80216-6 |
| Dykkar referanse | |
| Sakshandsamar | Lillian Bakke Byrknes |
| E-post | Lillian.Bakke.Byrknes@vlfk.no |
| Telefon | 45638702 |

Tilbakemelding - Avkøyrsløys frå Fylkesveg 5484 - Storkloppa - Alver kommune

Vi viser til e-post datert 05.10.2022.

Saka gjeld

Det er søkt om bygging av landbruksveg til Alver kommune, denne skal byggast på ein eksisterande landbruksveg. Den eksisterande landbruksvegen blei gjeve løyve for og bygt i 2017.

Vestland fylkeskommune ved avdeling for infrastruktur og veg kom med uttale til den søknaden i brev datert 15.09.2022. Her bad vi om at det vart lagt fram eit avkøyrsløys i samband med løyve til bygging av landbruksvegen i 2017. Søkar har teke kontakt med oss om avkøyrsla.

Tilbakemelding

Du ber om at vi ser på saka og vurderer om innsendt informasjon gjev grunnlag for å godkjenne avkøyrsla.

Du viser til eit vedtak for den eksisterande landbruksvegen gjeve av kommunen i 2017 som seier «Statens vegvesen må godkjenne avkjørsel frå fylkesveg 490(5484), Radøyvegen». Og at når du tok dette opp med kommunen så fekk du beskjed om at dette var i orden.

Vi finn ikkje noko i våre arkiv om søknad eller løyve for utvida eller endra bruk av avkøyrsla etter vedtaket som vart gjeve i 2017. Du skriv og at det ikkje vart søkt om avkøyrsløys i 2017, på grunn av tilbakemelding frå kommunen. Det var Statens vegvesen som var vegmynde på tidspunktet, og ikkje opp til landbrukskontoret å sei om avkøyrsla til fylkesvegen var godkjent. Vi ber om å få ein kopi av dette vedtaket du viser til.

Avkøyrsløys til fylkesveg

Vi meiner løyvet for landbruksvegen som blei gitt av kommunen i 2017 medførte ein utvida bruk av avkøyrsla til fylkesvegen, og at det skulle vore søkt til Statens vegvesen den gangen.

Du viser til ei utbetring av avkøyrsla i 2019-2021, men vi veit ikkje konkret kva som er blitt gjort, og om dette har vore søkt om. No er det søkt om ei utviding av landbruksvegen, og det vert opplyst at den største delen av tømmeret her er klart for henting om nokre år. Og at den omsøkte vegen ikkje vil føre til auke av avkøyrsla per no. Men det vil verte meir aktivitet når det er klart for å takast ut meir tømmer.

Vi er positive til at det er fleire grunneigarar som deler ein felles tilkomst til området for skog og hogst.

Vi meiner at kommunen ikkje skal gje løyve til utviding av landbruksvegen før vi har godkjent avkøyrsla til fylkesvegen.

Vi ber om å få tilsendt søknad om endra bruk av avkøyrsla. Det må leggast ved teikning av avkøyrsla som tilfredstillar krav etter handbok N100 med siktzone og svingradius. Vi krev og at det er fall frå fylkesvegen og inn i avkøyrsla. Det må opplysast om kva køyretøy avkøyrsla skal dimensjonast for.

Vi kan opplyse om at bruksklassen på fv. 5484 er Bk10 – 50 tonn, og maks vogntoglengde er 19,5 meter.

Med helsing

Kari Elster Moen

leiar

INV - Forvaltning Bergensområdet

Lillian Bakke Byrknes

rådgjevar

INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

ALVER KOMMUNE

Postboks 4

ALVER KOMMUNE

Postboks 4